



Fornyning av Bergen busstasjon

PRESSEMELDING
28.09.2011

Bergen busstasjon skal fornyast, ombygginga fører til nytt reisemønster frå og med måndag 3.oktober

Måndag 3. oktober 2011 skjer det ei stor omlegging av Bergen busstasjon. Terminal nord blir stengt på grunn av ombygging, og alle bussar skal no gå frå terminal sør, perrongen i Fjøsangerveien og perrongen på Nonneseter terminal. Denne situasjonen vil vare fram til den nye terminal nord står ferdig – etter planen 1. oktober 2012.

Den eksisterande busstasjonen er nedsliten og tilfredsstillar ikkje dagens krav til universell utforming av offentleg rom. I si nye form vil busstasjonen bli universelt utforma for tilkomst på terrengplan til ei sentral øy med ventehall og busstopp rundt. Denne forma gjev betre tilgjenge og tillet ei meir effektiv bussavvikling.

Hordaland fylkeskommune ved Bystasjonen AS har ansvar for gjennomføringa av prosjektet. Skyss er ansvarleg for informasjon til dei reisande om det nye gang- og reisemønsteret. Skyss er òg ansvarleg for kart og skilting i byggjeperioden, dette vil vere på plass til måndag 3. oktober.

Den 3. oktober blir undergangen som går ut til alle dei gamle perrongane stengt og oppbevaringsboksane blir flytta.

Hordaland fylkeskommune, Skyss og Bergen Storsenter har saman arbeid for å leggje best mogleg til rette for at byggjeperioden blir til minst mogleg til hinder for dei reisande. Informasjon om det nye reisemønsteret er tilgjengeleg på skyss.no og på Skyss sitt kundesenter inne på Bergen Storsenter.

”Den 3. oktober går vi i gang med den store fornyinga av busstasjonen i Bergen . Første byggetrinn er terminal nord med ei kostnad på 110 mill. kr som skal finansierast over Bergensprogrammet. Dette er ei fornying vi sårt treng og som skal gje oss eit flott nytt stasjonsområde hausten 2012”, seier Helge Haavardtun, eigedomssjef i Hordaland fylkeskommune. Neste byggetrinn er ny terminal sør som vil stå ferdig i 2013.



”Bergen busstasjon er eit viktig knutepunkt for kollektivtrafikken i Bergen, så vi ser fram til å få på plass ei moderne løysing med betre tilgjenge. Vi gler oss og til å ta i bruk fleire digitale informasjonsflater for å formidle trafikantinformasjon til våre reisande”, seier Oddmund Sylta, direktør i Skyss.

”Den nye haldeplassen for kollektivtrafikk blir eit lyft for heile Bergen Storsenter. Dette ser vi verkeleg fram til å få på plass. Det er likevel viktig å presisere at ombygginga av Bergen busstasjon er ein mellombels situasjon og at den ikkje på nokon måte vil få innverknad på den daglege senterdrifta. Kvardagen vil derfor halde fram som før, både for oss og for kundane til senteret. Det kan likevel vere greitt for senterkundane å vite at drosjehaldeplassen blir flytta til den midlertidige busshaldeplassen i sør. Dei som treng drosje kan ta kontakt med informasjonsskranken vår”, seier Arshell Pisani, driftssjef ved Bergen Storsenter.

Kontaktinformasjon:

Hordaland fylkeskommune, eigedom, rådgjevar Elisabeth Akerø,
tlf.: 95070450

Skyss, marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø, tlf.: 916 53 176

Bergen Storsenter, driftssjef Arshell Pisani, tlf.: 982 29 158

Det finst meir informasjon om endringane på Bergen busstasjon på skyss.no.

Vedlegg:

Områdekart frå og med 3.oktober 2011 - Bergen busstasjon i ombygingsperioden.

Link til arkitektteikningar, nye Bergen busstasjon:

<http://www.hordaland.no/Global/kultur/dokument/dokument2011/BystasjonBergenNord.pdf>
